

Berekraftige liv på Voss
c/o Voss KFUK-KFUM
ved Ingrid Heimstad Tønnesen
ingrid2@kfuk-kfum.no
Tlf 48031200

Hordaland Fylkeskommune
Ang Søknad om tilskot til klima og miljøtiltak for 2014
v/ **Tale Severina Halsør**

SLUTTRAPPORT

Me vil gjerne takke for løyvinga på 6000 til vårt prosjekt med oppstart av Berekraftige liv på Voss.

Me sendte opprinneleg ein søknad om midlar til vårt oppstartsmøte den 09.April 2014, som vart halde i Høgskulebygget på Vangen skule. Agnes Tvinnereim frå Berekraftige liv på Landås heldt eit svært engasjerande føredrag til kring 50 møtande. Dette oppstartsmøtet vart på førehand promotert av ei rekke lag og organisasjonar på Voss og har foreløpig resultert i ei eiga Facebookgruppe: «Berekraftige Liv på Voss» og ei eige internettside:
<http://berekraftigeliv.org/>

I haust har det vore arrangert føredrag med førelesar Øystein Dahle, og fleire andre prosjekt i nabolaget har vore promotert av nettverket, t.d dugnaden Vossasjau (arrangert av Røde Kors) og skibyte dag (arrangert av eit lokalt idrottslag).

Då me er ein heilt fersk organsiasjon som er litt laust organisert og som ikkje har lyst å bruke for mykje tid på papir, men heller på prosjekt har me enno ikkje oppretta eige organisasjonsnummer (og er ikkje sikre på at me kjem til å gjere det heller...) Me er ein liten gjeng som har eit godt samarbeid med og mellom mange ulike organisasjonar og vonar å dra nytte av kvarandre når det høver. Me fekk difor låne organisasjonsnummeret til Voss KFUK-KFUM for å kunne motta løyvinga frå dykk. Beklager at det har teke så lang tid å finne ut av dette.

Me takkar igjen for pengane!

Når pengane er motteke vil me sjølvsagt annonsere både på Facebook og internettsida vår at me har motteke pengar frå dykk☺

Mvh

Hilde Skorve
Voss Naturvernlag og
Berekraftige liv på Voss